



Hjelpesenter for mor og barn er ei THK-oppgåve i Ukraina (Foto: Tormod Myklebust)

Laurdag føremiddag frå klokka 12.30 til 13.30 stoppar TKH-trailaren ved Grano i Uskedalen. Det som vert samla inn køyrast direkte til Ukraina neste fredag av Tormod Myklebust og bergensaren Knut Veseth. Dette er hjelpesending nummer 8 for Tormod som er like entusiastisk foran denne turen som foran dei andre turane. - Vi kan ikkje hjelpe alle, men vi kan hjelpe nokon, seier eldsjelen bak Tru-Håp-Kjærleik her i Uskedalen.



Tormod Myklebust lastar Ukrainatrailaren (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette er ein kristen organisasjon som samarbeider med Røde Kors, lokale kyrkjelyder og andre om utdeling frå hjelpesendingane.. Berre dei som verkeleg treng det får hjelp, forsikrar Tormod.

Målet er også denne gongen byen Korosten som ligg rundt 10 mil frå katastrofestaden Tsjernobyl. THK ber om 50 kroner for kvar sekk i transportstøtte. Ein kan gjerne nytta dobbelt sekk når ein pakkar.

Behovet for hjelp er framleis stort i Ukraina og det gjeld faktisk 90 prosent av innbyggjarane. Ikkje minst gjer det inntrykk når ein vitjar ein institusjon der standarden for det meste er rystande låg.

Også arbeidsmarknaden er eit trist kapitel. Månadsinntekta ligg mellom 1000 og 2000 kroner for dei som har arbeid. Alkoholmisbruket er uhyggeleg stort.

Av Ola Matti Mathisen

